



# NYTT FRÅ INSTITUTT FOR INFORMATIKK



Nr. 17 24. august 2007

## Innhald

Etikk – heiderleg forskning  
Hole og Klingsheim i media  
Disputasar  
Studieplanendringar 1. oktober  
Fakultetsøkonomien, ad astra eller ad undas?

## **Etikk- heiderleg forskning**

Det nasjonale fakultetsmøte for realfag har sendt ut ”Retningslinjer for rederlighet i MNT-forskning” som alle bør lesa (og fylgja). Peikar til dokumentet finn ein på fakultetet si etikk-side: <http://www.uib.no/mnfa/etikk/index.html>

---

Universitets- og høgskolerådet minner med dette om konferansen om uetiske handlinger og korrupsjon i høyere utdanning og forskning som arrangeres onsdag **19. september 2007**. Hensikten med konferansen er å skape diskusjon og bevissthet omkring uetiske handlinger/korrupsjon i UH-sektoren.

Målgruppen er faglig og administrativ ledelse/studieledelse innen utdanning og forskning, studentorganisasjoner, myndigheter/sentrale organer, interesseorganisasjoner og andre interesserte, og vi ber om at informasjonen blir videreformidlet til personer som kunne tenkes å ha interesse av å delta på et slikt seminar.

**Tid:** 10:00 – 16:00 (registrering og kaffe fra kl. 09:00)

**Sted:** Felix konferansesenter – Bryggetorget 3 (Aker Brygge), Oslo (<http://www.felixkonferanse.no>)

**Konferanseavgift:** Kr 800,- (faktureres)

Det er opprettet et nettsted for konferansen: <http://www.uhr.no/index.php?objectId=2324&method=view&bm=contents>. Her finner dere bl.a. invitasjonen sendt ut 28. juni, foreløpig program, lenke til elektronisk påmeldingsskjema og aktuelt lesestoff.

Påmeldingsfristen er 31. august.

## Hole og Klingsheim i media



Hole og Klingsheim har fått stor medieomtale etter at dei publiserte ein artikkel der dei viser at identitet lett kan stelast ved bruk av eksisterande tenester på nettet. NRK har tatt opp eit intervju som truleg vil bli sendt på nyheitene i NRK 1 i kveld (fredag 24.8) kl. 1900.



## Disputasar

Neste veke vil det vera heile tre disputasar ved instituttet, alle frå Selmersenteret:

### Kontroll av datafeil



Irina Naydenova,  
27.08.2007, kl. 12:15,  
Stort auditorium,  
Vitensenteret 2. etg

### Sikkerhet i elektroniske valg og nettbanker



Tomas Tjøstheim,  
29.08.2007, kl. 12:15,  
Store Auditorum,  
HiB, 2 etg

### Cocktailparty-teknologi



Geir Jarle Ness,  
30.08.2007, kl. 09:00,  
Stort auditorium,  
Vitensenteret 2. etg

Meir informasjon:

Irina: [http://www.uib.no/info/dr\\_grad/2007/Naydenova\\_Irina.html](http://www.uib.no/info/dr_grad/2007/Naydenova_Irina.html)

Tomas: [http://www.uib.no/info/dr\\_grad/2007/Tjostheim\\_Thomas.html](http://www.uib.no/info/dr_grad/2007/Tjostheim_Thomas.html)

Geir Jarle: [http://www.uib.no/info/dr\\_grad/2007/Ness\\_GeirJarle.html](http://www.uib.no/info/dr_grad/2007/Ness_GeirJarle.html)

## Studieplanendringar 1. oktober

Vi minner om at hovudrevisjonen av studieplanen har frist 1. oktober. Dei som har framlegg om endringar (endra tekst, nye kurs, nedlegging av kurs, etc.) kan senda dei til Ida eller Michal.

## **Fakultetsøkonomien, ad astra eller ad undas?**

Til fakultetsstyremøtet 29.8 ligg det ei orienteringssak:

”Prognose for overføring til 2008, samt tiltaksplan for å komme i budsjettmessig balanse”  
Fakultetet legg her fram ein tiltaksplan som vil få store fylgjer for institutta neste fem åra. Bakgrunnen er at fakultetsøkonomien no ser ut til å koma i dramatisk underskot.

Før eg går inn på tiltaka som er føreslått, kan det vera nyttig å ta eit historisk oversyn for å forstå kvifor fakultetet er hamna i denne situasjonen. På eit overordna nivå er grunnen dels at fakultetet har fått ein relativt stadig mindre del av universitetet sine midlar over dei siste 10-15 åra, dels at fakultetet ikkje har innretta aktiviteten etter dette. Ein ting som spesielt slår attende no er at fakultetet har fått tildelt ei rekkje stipendiatstillingar gjennom desse åra, men har brukt ein god del av desse midlane til andre ting. No har departementet reagert på denne praksisen og kravd at universitetet, inkludert fakultetet, skal ha like mange stipendiatar som dei har fått midlar til. For å få dette til må annan aktivitet reduserast tilsvarande.

### **Litt historikk for dei siste åra.**

Ved utgangen av 2001 hadde fakultetet er akkumulert underskot på kr. 1.814.000,-. I 2002 hadde fakultetet eit underskot på 4.658.800,- slik at det akkumulerte underskot ved utgangen av 2002 var 6.470.700,-. ” Samlet sett brukte instituttene og enhetene kr 1,29 mill mindre enn budsjettet i 2002. Instituttene har et samlet overskudd inkludert de strategiske midler på 2,23 mill (mot 1,28 mill i 2001), mens enhetene samlet brukte kr 932.000,- mer enn budsjett.” Grunnen til underskotet var at fakultetet gjorde ulike satsingar (ved institutt og sentra) utan å ha budsjettmessig dekning for det. For å koma i balanse på sikt vedtok fakultetsstyret 26 mars 2003 fylgjande:

- i) Driftsmidlene (annuum) er skåret ned med 6.1 mill kr. i 2003. For instituttene utgjør dette i gjennomsnitt 25 % i forhold til 2002.
- ii) Lønnsmidlene er skåret ned med 11 % som tilsvarer 25.7 mill kr. i 2003.
- iii) Fakultetet har innført rammebevilgninger på instituttnivå for å oppnå en mer optimal bruk av ressurser på de ulike innsatsfaktorene (lønn, vit. utstyr, forskningsdrift o.a.)
- iv) Fakultetet innfører en sterkere strategisk ledelse ved instituttene som har som mål å oppnå en økt forsknings- og utdanningskvalitet samtidig med en mer optimal ressursutnyttelse.

Dette var grunnen til at t.d. vårt institutt starta opp i 2004 med tilsett instituttleiar og med ein vanskeleg økonomi som det var ei hovudsak for oss å retta opp.

Ved utgangen av 2003 var akkumulert underskot blitt kr 9.005.400,-. ”Fakultetets fellesfunksjoner” brukte kr 5,4 mill meir enn budsjettet. Institutta kom ut med eit overskot: ”Instituttene har et samlet overskudd inkludert de strategiske midler på 20,3 mill (mot 2,23 mill i 2002 og 1,28 mill i 2001)”. Fakultetet argumenterte med at dette store talet var likevel ikkje reelt sidan det inkluderte ein god del midlar, t.d. til utstyr, som fyrst ville koma i 2004.

Hovudmeldinga frå fakultetsleiinga til dei nye instituttleiarane ved starten av 2004 var at institutta hadde eit særleg ansvar for å snu økonomien til eit positivt resultat. Vi veit at 2004

og 2005 var slitsame år for instituttet økonomisk, men at alle var lojale og medverka til eit godt resultat.

Alle institutta snudde økonomien i 2004 og 2005 og var kanskje vel ihuga. Samla overførde institutta 30 mill. frå 2004 til 2005, og 38,5 mill frå 2005 til 2006, medan fakultetet sentralt stadig gjekk med underskot, ved utgangen av 2005 var akkumulert underskot blitt 20,6 mill. For fakultetet samla gav dette eit akkumulert overskot på 27,9 mill, noko som vart sett på som eit problem (påverka av Djupedal sine utfall mot universiteta og reduksjonen i løyvingar) og institutta fekk klar instruks om å auka forbruket for å redusera det totale overskotet. Dette har institutta vore lojale mot og auka aktiviteten, og ved utgangen av 2006 var institutta sitt akkumulerte overskot redusert til om lag 21,4 mill, medan fakultetet auka sitt akkumulerte underskot til 22 mill.

## **Den aktuelle saka**

Ei ekstrapolering av denne utviklinga inn i 2007 viser at fakultetet samla vil få eit stort underskot i 2007. Fakultetet hadde forventa at dette vert kompensert av ei "NMT-satsing" som ikkje kom, og ei viss omfordeling innan UiB som heller ikkje kom. Siste overslag går ut på eit underskot i 2007 på 14 mill.

Fakultet tok dette opp med universitetsleiinga i eit brev i juni, men svaret frå direktøren i brev av 27.6 er klart og brutalt: "Universitetsdirektøren ber fakultetet innen 20. august legge frem en plan for hvordan fakultetet skal oppnå balanse for budsjettåret 2007."

I svarbrev frå fakultetet til universitetsdirektøren av 20.8 gjer fakultetet greie for at for å oppnå dette må ei rekkje uheldige tiltak setjast i gang: full tilsetjingsstopp, nei til prosjekt som krev eigenandelar, stoppa strategiske stasingar, kutta ned løyvingar til forskingsterminar i 2008, kutta øyremarka løyvingar til likestillingstiltak. Som alternativ til dette ber fakultetet om å få setja i gang ein femårsplan med fylgjande punkt:

1. Krevja at institutta skal utarbeida individuelle 5-årige tiltaksplanar for å koma i budsjettmessig balanse
2. Redusera strategiske satsingar med 2 mill kr. pr. år
3. Innføra dekningsbidrag til fakultetsnivået på eksternt finansiert verksemd (finansiert av forskingsrådet, EU, etc)
4. Halda satsane for internt finansierte stipendiatstillingar og postdoktorstillingar på konstant nivå (500000 og 650000) i planperioden
5. Halda att løns- og priskompensasjon i heile femårsperioden

## **Kommetarar**

Dette er "ostehøveltiltak" som vil truleg ha som effekt ei seigpining av alle. Det er nok trong for ein grunnleggjande gjennomgang av fakultetet sin økonomi og aktivitet for å laga ein plan som går djupare tilverks og identifiserer selektive tiltak, t.d. nedlegging av heile aktivitetar.

Det kan vera verdt å sjå på dei ulike punkta i lista.

Punkt 1 er greitt, men sidan hovudproblemet er fakultetet sentralt sitt stadige overforbruk og aukande akkumulerte underskot må dette utvidast med ein plan for fakultetet sentralt.

Punkt 2 må aksepterast i denne situasjonen.

Punkt 3. Det er eit poeng at auka ekstern finansiering og dermed auka dekningsbidrag har vore avgjerande for at instituttøkonomien har kome i balanse. Det er og eit poeng at alt no går

ein god del av våre overheadmidlar direkte til fakultetet ("husleige" 40000 for kvar stilling) og UiB sentralt (administrative kostnader 45000). Av overhead til instituttet på om lag 4 mill. i 2006, var det om lag 1,5 mill att til disposisjon for instituttet etter at fakultetet og UiB hadde tatt sin del.

Punkt 4. Ein sats på 500000 for ein stipendiat vil ikkje gjera det rekningsssvarande å ha universitetsstipendiatar. Med dagen ordning blir 8% av dette tatt til bruk som premiemidlar slik at instituttet får 460000 i året (+ eventuelle premiemidlar). Etter siste lønsforhandlingar er ein stipendiat lønna i steg 43 fyrste året, 45 andre året og 47 tredje og fjerde året. Samla lønsutgifter + sosiale kostnader for fire år blir då normalt (nytilsette utan opparbeidde feriepengar) på vel 1,8 mill, dvs. vel 450000 pr. år. I tillegg kjem utgifter til drift (30000), intern husleige (25000), utstyr, etc. Det er blir difor eit underskot som må dekkjast av instituttet. Dette vil vi ikkje ha råd til og må seia nei takk til fleire universitetsstipendiatstillingar (og postdoktorstillingar).

Punkt 5. Vi må vona på liten prisstigning og små sentrale lønstillegg. Vi må og be om at det ikkje blitt gitt lokale tillegg.

Er det nokon som har lyst til å administrera dette? (Søknadsfristen for instituttleiastillinga er 15. september).